

Referat frå styremøte i VH 07.04.2025 på Museet

Møtte: Arne Erik Fønhus, Ivar Aars, Nils Rogn, Tore Hovda, Anne Marit Lien Framnes, Toril Grønbrekk, Jon Bratrud, Anne Grethe Kolstad, Ingebjørg Moe.
Fråverande: Ole Aa Bråten

Sak12/25 Årsmelding og rekneskap 2024

Årsmelding og rekneskap for Historielaget godkjendt av styret som framlagt. Årsmelding for Bygdeboknemda skal reviderast og sendast til leiaren i god tid slik at den kjem ut saman med årsmøtepapira.

Sak13/25 Årsmøtet i Ø. Slidre 10. mai

Anne Grethe orienterte. Sælshagane har trekt seg. Deltakarane til årsmøtet møtest på Tingvang kl 11.00. Kjører derifrå i flokk til Buahaugen som er eit minnesmerke, og der skal det markerast at det i år er 80 år sidan krigen var slutt. Arne Erik får inn annonse i «Valdres» i neste veke i samarbeid med Anne Grethe. Samarbeider og om programmet.

Sak14/25 Årboka

Nils orienterte. Mykje stoff om utvandringa til Amerika som er skal prioriterast i jubileumsåret 2025. Blir ca 282 sider. Budsjett i år 130000.
Prøver å få inn annonsepengar som i 2024. Plukkar frå lista som vart sett opp, og legg til nokre som det vart tipsa om. Tore og Arne Erik tek jobben med det. Hugs (til neste år) søknadsfrist på kulturmidlar frå kommunene og fleire bankar som er 1. april.

Sak 15/25 Boksal

Sjå sak 10/25 Åsgreina teaterlag skal ha framsyning av Memento Mori, som VH har sponsa, på museet i løpet av sumaren. Dette er ei framsyning som er øyremerka medlemmar i dei lokale historielaga. I det høvet tenkjer vi det vore fint å laga ein «stand» med bøker frå lageret som vi sel for ein god pris.,

Sak 16/25 Kjøregodtgjersle

Vedtak: Styremedlemmene i VH kan krevja kjøregodtgjersle til styremøta etter vanleg takst. Dei som må gjennom bom, kan og ta med den kostnaden. Kravet sendast ein gong i året.

Sak 17/25 Neste møte årsmøtet 10. mai.

NB! Vestre Slidre Historielag arrangerar busstur til Norsk utvandermuseum på Hamar onsdag 18. juni
Meld dykk til Ingebjørg 90944367 om de vil vera med.